



**FYLKESMANNEN
I ROGALAND**

Dykkar ref.:

Vår dato: 16.05.2014

Vår ref.: 2012/5748

Arkivnr.: 432.1

Adresseliste høyringspartar

Postadresse:

Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:

Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Samordna lokal og sentral høyring ved vern av Eikebakka naturreservat, Sokndal kommune, Rogaland

I samsvar med nasjonale retningslinjer for verneplanprosessar etter naturmangfaldloven sender Fylkesmannen i Rogaland framlegg til vern og framlegg til forvaltningsplan for Eikebakka naturreservat på samordna lokal og sentral høyring. Frist for uttale er sett til 14.07.2014. Eventuelle uttalar skal sendast til Fylkesmannen i Rogaland, p.b.59, 4001 Stavanger.

Bakgrunn

Gjennom handsaming av St.meld. nr. 25 (2002-2003) slutta Stortinget seg til Regjeringa si innstilling om ei kraftig opptrapping av skogvernet i Noreg. St.meld. nr. 25 trakk opp viktige prinsipp og satsingsområde for ei opptrapping av skogvernet.

I meldinga vart frivillig vern trekt fram som ein viktig strategi for det framtidige skogvernet i Noreg. Frivillig vern inneber at skogeigar tilbyr staten vern av eigen skog. For Eikebakka i Sokndal er det tale om ein privat grunneigar som har tilbudt frivillig vern på sin del av eikeskogen. Resten av arealet eig Opplysningsvesenets Fond (OVF), der vanleg vern vil gå etter avklara prosess. Verneforskipta vert den same for området samla.

Heimelsgrunnlag for vern av naturreservat er naturmangfaldlova § 34, jfr. §37 og §62.

Føremålet med denne høyringa er å innhente synspunkt og kommentarar til det framlagte verneområdet. Miljødirektoratet har gjeve Fylkesmannen i oppdrag å utarbeide verneframlegget og har hatt det til fagleg gjennomgang før høyring.

Sakshandsaming

I brev av 01.10.2011 sende Vestskog, på vegne av privat grunneigar på gnr.bnr. 59/1 i Sokndal, tilbod om frivillig vern til Fylkesmannen, som vidareformidla denne til Miljødirektoratet. Samstundes vart OVF halden orientert om vernearbeidet for deira areal på den aktuelle lokaliteten.

Området vart så skogtaksert. Verneverdiane er tidlegare og seinast i 2010 kartlagde og funne verneverdige.

Avtale om frivillig vern vart 28.11.2013 underteikna mellom privat grunneigar og Miljødirektoratet.

Fylkesmannen sendte ut melding og annonse om oppstart av vernesaka 30.01.2014. Vedlagt følger oppsummering av mottekne uttalar til meldinga.

Fylkesmannen vil oppsummere denne samordna høyringa, og sende si tilråding til Miljødirektoratet. Klima- og miljødepartementet vil etter det gje sitt framlegg til kongelig resolusjon i statsråd.

Eikebakka naturreservat

Framlegg til verneformål (sjå vedlagt verneforskrift) for naturreservatet er:

«...å ta vare på eit skogsområde med gammal, fattig, men noko beitepåverka eikeskog med alt naturleg plante- og dyreliv og dei naturlege økologiske prosessane i området. Skogen har vesentleg meir daud ved og er eldre enn det som er vanleg i eikeskogane i Dalane og er leveområde for fleire sjeldsynte lavartar. Det er derfor viktig at tresjiktet får utvikla seg vidare med eit auka innslag av store eiker og daud ved.»

Lokaliteten er samla på ca.115 daa. Den ligg på ein låg ås ved Åmot, frå om lag 10-60 m oh, rett nord for Eikedal kyrkjegard. Den er avgrensa mot elva i aust og mot veg og dyrka mark i vest og nord. Området ligg i sterkt oseanisk og boreonemoral vegetasjonssone. Den nordaustre delen av skogen er blåbærdominert, medan resten er meir beiteprega og grasdominert med noko innslag av hassel. Langs elva i aust førekjem stadvis ein brem av svartorskog.

Vedlagt er framlegg til vernekart, samt framlegg til forvaltningsplan for reservatet. Vi ber også om eventuelle uttalar til forvaltningsplanen.

Med helsing

May Britt Jensen
fylkesmiljøvernsjef

Per Kristian Austbø
Ass. fylkesmiljøvernsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Per Kristian Austbø
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 10
E-post: fmropka@fylkesmannen.no

Vedlegg:

- Oppsummering melding vern
- Verneforskrift
- Vernekart
- Forvaltningsplan
- Adresseliste

Kopi til:
Vestskog Røyndalsvegen 4 5736 GRANVIN

